



Møteprotokoll for Utval for næringsutvikling og drift

Møtedato: 07.12.2022
Møtestad: Kommunehuset Frekhaug - formannskapssalen
Møtetid: 12:00 - 16:35

I sakene knytt til midlar frå næringsfondet drøfta utvalet habiliteten til utvalsleiar Stian Lavik-KRF og utvalsmedlem Yngve Walaker-FRP, som begge er medeigarar i bedrifter som har søkt om tilskot frå næringsfondet I denne runden. Utvalet kjende Lavik og Walaker inhabil til å handsama både sak dei er part i, og dei andre sakene knytt til tilskot frå næringsfondet.

Olav J. Myhr-KRF erstatta Stian Lavik i utvalet i sakene frå 054/22 til og med 074/22. Det var ingen erstattar for Yngve Walaker.

Det var difor 6 av 7 medlemmar til stades i utvalet i desse sakene.

Nestleiar Mabel Johansen-H overtok som møteleiar for Stian Lavik-KRF i sakene 054/22-074/22.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Stian Lavik	KRF	Utvalsleiar
Mabel Johansen	H	Nestleiar
Liv Høpland van der Kooij	SP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Øyvind Bratshaug	H	Medlem
Yngve Walaker	FRP	Medlem
Maya Greve	MDG	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Olav Myhr-erstatta Stian Lavik i sakene 054-074	KRF	Stian Lavik-KRF var inhabil i sakene 054-074 og deltok ikkje i handsaminga av desse sakene

Følgjande frå administrasjonen møtte: Martin Kuliid-assisterande kommunedirektør, Hogne Haugsdal- kommunalsjef Samfunnsutvikling, Anny Bastesen-kommunalsjef, teknisk forvaltning og drift, Siril Therese Sylta-tenesteleiar Arealforvaltning, Are Frøysland Grande-avdelingsleiar Arealforvaltning, Tove Hagenes-hovudprosjektleiar Samfunnsutvikling, Kate Bentzen-Næringsrådgjevar Samfunnsutvikling og næring, Arthur Kleiveland-møtesekretær

Einar Vaage-prosjektleiar orienterte om status for Greenspot Mongstad

Leiv Helge Klævold-dagleg leiar Veltec AS – Mongstad delte erfaringar frå RIGHT Mongstadprosjektet og Mongstadprosjektet fase 2

Sakliste

Saknr	Tittel
049/22	Godkjenning av innkalling og saksliste
050/22	Godkjenning av møteprotokoll
051/22	Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022
052/22	Eigarskapsmelding
053/22	Strategisk næringsplan 2023 - 2035 – høyring og offentleg ettersyn
054/22	Søknad til Næringsfondet - Alfa Gruppen AS - Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking
055/22	Søknad til Næringsfondet - Alverhonning - Vestlandsk biehus
056/22	Søknad til Næringsfondet - Audsynn AS - Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform
057/22	Søknad til Næringsfondet - Audun Gjerde - Behov for meir og bedre vatn
058/22	Søknad til Næringsfondet - Birkeland Fisk & Sjømat - Støtte til nytt fiskefartøy
059/22	Søknad til Næringsfondet - Gilborne Mekaniske - Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske
060/22	Søknad til Næringsfondet - God Utvikling AS - Utvikling og igangsetting av ekurs i kundeservice for kunderettede næringer i Alver
061/22	Søknad til Næringsfondet - Isdal Kjersti - Ny bruk av attgrodd utmark
062/22	Søknad til Næringsfondet - Knarvik kafe og thai takeaway as - Orientalske matvarer
063/22	Søknad til Næringsfondet - Kversøy Tradisjonskost - Kversøy tradisjonskost
064/22	Søknad til Næringsfondet - Kystgarden AS - Familieøya
065/22	Søknad til Næringsfondet - Kårdal gård - Vedhogst
066/22	Søknad til Næringsfondet - Lyngøy bigard - Sentral honning og næringsvirksomhet
067/22	Søknad til Næringsfondet - Meland Golfklubb - Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb
068/22	Søknad til Næringsfondet - Mikro Grønt AS - Strømsikkerhet
069/22	Søknad til Næringsfondet - Molvik gard AS - Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland
070/22	Søknad til Næringsfondet - Mongstad TavleTeknikk - Levetidsforlengelse for elektrotavler
071/22	Søknad til næringsfondet - Rikstad Bigård - Virksomhetsutstyr til Bigård

- 072/22 Søknad til Næringsfondet - Terje Titland Taxi AS - Eiendomsselskap
- 073/22 Søknad til Næringsfondet - Vestland Bjøllelag SA - Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite
- 074/22 Søknad til Næringsfondet - ZingZang AS - SØKNAD - NÆRINGSFOND - ALVER KOMMUNE

049/22: Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Utvalet vedtok samrøystes innkalling og saksliste.

ND- 049/22 Vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

050/22: Godkjenning av møteprotokoll

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Utvalet godkjende møteprotokoll for 5. okt. 2022.

ND- 050/22 Vedtak:

Møteprotokollen vert godkjend.

051/22: Meldingar til utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Det vart lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

Greenspot Mongstad – status v/Einar Vaage-prosjektleder

Erfaringar frå RIGHT Mongstadprosjektet og Mongstadprosjektet fase 2 – v/Leiv Helge Klævdagleg leiar Veltec AS – Mongstad

Status byggesak – utvikling, statistikk - v/Are Frøysland Grande-avdelingsleder Arealforvaltning

Knara hovudreinseanlegg - orientering v/Anny Bastesen-kommunalsjef teknisk forvaltning og drift

Presentasjon av Isdal Smale v/Kjersti Isdal gjekk ut.

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet ser med interesse på den gode utviklinga i arbeidet under Greenspot Mongstad-paraplyen, og er glad for å sjå dei spennande mogelegheitene som ligg i løypa. Utvalet ber om nye orienteringar fortløpande, og viser også til kommuneplanen sin samfunnsdel som fokuserer på utviklinga på Mongstad og i Fensfjordbassenget.

Utvalet er glad for å høyra at kompetanseprosjektet på Mongstad ber frukter, og for å høyra om erfaringane frå fase 2.

Utvalet er glade for å sjå ei positiv utvikling for byggesak, og vil gje honnør til teamet som har jobba hardt for å få ned sakshandsamingstida.

Utval for næringsutvikling og drift takkar for orienteringa om Knara hovudreinseanlegg og ser med interesse på prosessen vidare.

Utvalet vedtok samrøystes Stian Lavik sitt framlegg

ND- 051/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift takkar for gode orienteringar.

Utvalet ser med interesse på den gode utviklinga i arbeidet under Greenspot Mongstad-paraplyen, og er glad for å sjå dei spennande mogelegheitene som ligg i løypa. Utvalet ber om nye orienteringar fortløpande, og viser også til kommuneplanen sin samfunnsdel som fokuserer på utviklinga på Mongstad og i Fensfjordbassenget.

Utvalet er glad for å høyra at kompetanseprosjektet på Mongstad ber frukter, og for å høyra om erfaringane frå fase 2.

Utvalet er glade for å sjå ei positiv utvikling for byggesak, og vil gje honnør til teamet som har jobba hardt for å få ned sakshandsamingstida.

Utval for næringsutvikling og drift takkar for orienteringa om Knara hovudreinseanlegg og ser med interesse på prosessen vidare.

052/22: Eigarskapsmelding

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka tas til orientering

Utval for helse og omsorg 08.11.2022:

Behandling:

Assisterande kommunedirektør Martin Kulild orienterte i saka.

Utvalsleiar Ståle Hauge-AP sette fram følgjande felles tilleggsframlegg til kommunedirektøren sitt framlegg:

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til:
For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventa avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med felles tilleggsframlegg sett fram i møtet.

HO- 047/22 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til:
For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventa avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.11.2022:

Behandling:

Saka vert teke til orientering, samrøystes.

OKK- 072/22 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Utval for areal, plan og miljø 09.11.2022:

Behandling:

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

APM- 144/22 Vedtak:

Saka vert teke til orientering.

Alver formannskap 10.11.2022:

Behandling:

Endringsframlegg frå N.Bognøy-AP:

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til:
For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventa avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

Framlegget vart samrøystes vedteke
Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO- 116/22 Vedtak:

Saka tas til orientering med følgjande ending:

*Punkt om Selskap- og utbyttepolitikk - Mål på effektivitet, setning 2 endrast til:
For selskap der det føreligg andre spesifikt definerte mål, og som ikkje opererer i ein marknad, vil forventa avkastning kunne erstattast av andre mål, som å levere på det spesifikke formålet for selskapet.*

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Martin Kulild-assisterende kommunedirektør orienterte i saka og svara på spørsmål.

Utvålsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande framlegg til uttale:

Utval for næringsutvikling og drift tek saka til orientering, med følgjande innspel:

- 1. Styremedlemmer, og særleg styreleiarar i verksemdar eigd av kommunen bør få tilbod om opplæring i styrearbeid og rolleforståing i relasjon til si verksemd.*
- 2. Relevante politiske utval bør inviterast inn i prosessar, evt. saman med eigarutvalet, t.d. Utval for næringsutvikling og drift i samband med NGIR, o.l.*
- 3. Det er viktig å ha klart fokus på næringsutvikling og innovasjon for dei verksemdene der dette er relevant, saman med forvaltningsfokus.*
- 4. Utvalet er kritisk til punkt 9 under Prinsipp for eigarstyring på side 8. Kompetanse bør vera førande, ikkje tilknytning til kommunestyret.*
- 5. Utvalet er kritisk til punkt 16 under Prinsipp for eigarstyring på side 8. Dette bør avgjerast på vanleg vis i tråd med selskapet si organisering. Uansett bør det stå "eigarutvalet" dersom ein meiner dette, ikkje "formannskapet".*
- 6. Det bør leggjast inn eit kapittel om næringsutvikling og innovasjon som omtalar korleis også kommunalt eigde verksemdar kan vera med å driva positivt utviklinga vidare der det er relevant, t.d. innan sirkulærøkonomi.*
- 7. Setninga "Bonus- og incentivordningar bør ikkje etablerast." under Lønns- og arbeidsgjervarpolitikk bør slettast. Dette kan vera viktige verkemiddel for å tiltrekka seg og halda på riktig kompetanse.*
- 8. Setninga "Alver kommune ønskjer at alle selskap og føretak kor kommunen har eigarinteresse skal følgje reglane om offentlege innkjøp, og skal følgje normene nedfelt i kommunen sin innkjøpsstrategi." blir sletta. Dette gjeld allereie når kommunen eig 50% eller meir av verksemda.*

Det vart røysta over kvart punkt i forslaget.

Følgjande punkt - 1, 2, 3, 6 og 8 vart samrøystes vedteke:

Punkt 4 vart vedteke mot 1 røyst - Tormod Skurtveit-AP

Punkt 5 vart vedteke mot 1 røyst - Mabel Johansen-H

Punkt 7 vart vedteke mot 1 røyst - Tormod Skurtveit-AP

ND- 052/22 Vedtak:

Utval for næringsutvikling og drift tek saka til orientering, med følgjande innspel:

- 1. Styremedlemmer, og særleg styreleiarar i verksemdar eigd av kommunen bør få tilbod om opplæring i styrearbeid og rolleforståing i relasjon til si verksemd.*
- 2. Relevante politiske utval bør inviterast inn i prosessar, evt. saman med eigarutvalet, t.d. Utval for næringsutvikling og drift i samband med NGIR, o.l.*
- 3. Det er viktig å ha klart fokus på næringsutvikling og innovasjon for dei verksemdene der dette er relevant, saman med forvaltningsfokus.*
- 4. Utvalet er kritisk til punkt 9 under Prinsipp for eigarstyring på side 8. Kompetanse bør vera førande,*

ikkje tilknytning til kommunestyret.

5. Utvalet er kritisk til punkt 16 under Prinsipp for eigarstyring på side 8. Dette bør avgjerast på vanleg vis i tråd med selskapet si organisering. Uansett bør det stå "eigarutvalet" dersom ein meiner dette, ikkje "formannskapet".

6. Det bør leggjast inn eit kapittel om næringsutvikling og innovasjon som omtalar korleis også kommunalt eigde verksemdar kan vera med å driva positivt utviklinga vidare der det er relevant, t.d. innan sirkulærøkonomi.

7. Setninga "Bonus- og incentivordningar bør ikkje etablerast." under Lønns- og arbeidsgjervarpolitikk bør slettast. Dette kan vera viktige verkemiddel for å tiltrekka seg og halda på riktig kompetanse.

8. Setninga "Alver kommune ønskjer at alle selskap og føretak kor kommunen har eigarinteresse skal følgje reglane om offentlege innkjøp, og skal følgje normene nedfelt i kommunen sin innkjøpsstrategi." blir sletta. Dette gjeld allereie når kommunen eig 50% eller meir av verksemda.

053/22: Strategisk næringsplan 2023 - 2035 – høyring og offentlig ettersyn

- **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**
I medhald av plan- og bygningslova § 5-2 blir strategisk næringsplan for Alver kommune 2023 – 2035 lagt ut på høyring og offentlig ettersyn
- Høyringsfrist er 20. februar 2023

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Utvalsleiar Stian Lavik-KRF sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Administrasjonen blir beden om å oppdatera følgjande før planen blir lagt ut:

1. Legg inn sidetal, slik at det blir enklare å henvisa til delar av dokumentet.
2. I diagrammet på sida før kapittel 3. Næringsstrategi, endra "Regionrådet" til "Regionalt nivå".
3. Endra "Grøn omstilling" til "Framtidsretta industri" under kapittel 4. Handlingsdel.
4. Ta ut punktet om Visit Bergen frå kapittel 4.3.2.
5. Ta inn Invest in Bergen i kapittel 4.3.4.
6. Ta med "Tilgang på investorkapital" som ein femte tverrbjelke i modellen under 3.2 Strategiske grep, samt å utdjupa dette med eit avsnitt.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg

Deretter vart det røysta over kvart enkeltpunkt i S. Lavik sitt framlegg:

Utvalet vedtok samrøystes følgjande punkt: 1, 2, 3, 5, 6.

Punkt 4 vart vedteke med 4 mot 3 røyster - Maya Greve-MDG, Tormod Skurtveit-AP, Liv Hopland van der Kooij-SP

ND- 053/22 Vedtak:

I medhald av plan- og bygningslova § 5-2 blir strategisk næringsplan for Alver kommune 2023 – 2035 lagt ut på høyring og offentlig ettersyn.
Høyringsfrist er 20. februar 2023.

Administrasjonen blir beden om å oppdatere følgjande før planen blir lagt ut:

1. Legg inn sidetal, slik at det blir enklare å henvisa til delar av dokumentet.
2. I diagrammet på sida før kapittel 3. Næringsstrategi, endra "Regionrådet" til "Regionalt nivå".
3. Endra "Grøn omstilling" til "Framtidsretta industri" under kapittel 4. Handlingsdel.
4. Ta ut punktet om Visit Bergen frå kapittel 4.3.2.
5. Ta inn Invest in Bergen i kapittel 4.3.4.
6. Ta med "Tilgang på investorkapital" som ein femte tverrbjelke i modellen under 3.2 Strategiske grep, samt å utdjupa dette med eit avsnitt.

054/22: Søknad til Næringsfondet - Alfa Gruppen AS - Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 054/22 Vedtak:

Prosjektet Videreutvikling av produkter og tjenester relatert til Nettbutikk og Nettbooking vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

055/22: Søknad til Næringsfondet - Alverhonning - Vestlandsk biehus

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Vestlandsk biehus vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 055/22 Vedtak:

Prosjektet Vestlandsk biehush vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

056/22: Søknad til Næringsfondet - Audsynn AS - Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform vert tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**Behandling:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 056/22 Vedtak:

Prosjektet Hovedprosjekt: Digital fundraising plattform vert tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

057/22: Søknad til Næringsfondet - Audun Gjerde - Behov for meir og bedre vatn**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Behov for meir og betre vatn vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**Behandling:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Olav J. Myhr-KRF sette fram følgjande endringsframlegg:

Prosjektet Behov for meir og betre vatn vert tildelt kr 68 062,- frå næringsfondet i Alver.

Maya Greve-MDG sette fram følgjande endringsframlegg:

Prosjektet Behov for meir og betre vatn vert tildelt kr 45 000,- frå næringsfondet i Alver.

Olav J. Myhr trekte framlegget sitt.

Maya Greve sitt framlegg vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg.
M. Greve sitt framlegg fekk 5 røyster og vart vedteke.

Kommunedirektøren sitt framlegg fekk 1 røyst - Øyvind Bratshaug-H

ND- 057/22 Vedtak:

Prosjektet Behov for meir og betre vatn vert tildelt kr 45 000,- frå næringsfondet i Alver.

058/22: Søknad til Næringsfondet - Birkeland Fisk & Sjømat - Støtte til nytt fiskefartøy

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Støtte til nytt fiskefartøy vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 058/22 Vedtak:

Prosjektet Støtte til nytt fiskefartøy vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

059/22: Søknad til Næringsfondet - Gilborne Mekaniske - Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske vert tildelt kr 100 000 frå næringsfondet i Alver.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 059/22 Vedtak:

Prosjektet Vekst og utvikling av Gilborne Mekaniske vert tildelt kr 100 000 frå næringsfondet i Alver.

060/22: Søknad til Næringsfondet - God Utvikling AS - Utvikling og igangsetting av ekurs i kundeservice for kunderettede næringer i Alver

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Utvikling og igangsetting av ekurs i kundeservice for kunderettede næringer i Alver vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 060/22 Vedtak:

Prosjektet Utvikling og igangsetting av ekurs i kundeservice for kunderettede næringer i Alver vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

061/22: Søknad til Næringsfondet - Isdal Kjersti - Ny bruk av attgrodd utmark

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Ny bruk av attgrodd utmark blir tildelt kr 15 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 061/22 Vedtak:

Prosjektet Ny bruk av attgrodd utmark blir tildelt kr 15 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

062/22: Søknad til Næringsfondet - Knarvik kafe og thai takeaway as - Orientalske matvarer

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Orientalske matvarer vert tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes rådmannen sitt framlegg.

ND- 062/22 Vedtak:

Prosjektet Orientalske matvarer vert tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

063/22: Søknad til Næringsfondet - Kversøy Tradisjonskost - Kversøy tradisjonskost

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Kversøy tradisjonskost blir tildelt kr 60 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 063/22 Vedtak:

Prosjektet Kversøy tradisjonskost blir tildelt kr 60 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

064/22: Søknad til Næringsfondet - Kystgarden AS - Familieøya

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Familieøya blir tildelt kr 90 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 064/22 Vedtak:

Prosjektet Familieøya blir tildelt kr 90 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

065/22: Søknad til Næringsfondet - Kårdal gård - Vedhogst

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Vedhogst vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 065/22 Vedtak:

Prosjektet Vedhogst vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

066/22: Søknad til Næringsfondet - Lyngøy bigard - Sentral honning og næringsvirksomhet

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Sentral honning og næringsvirksomhet blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 066/22 Vedtak:

Prosjektet Sentral honning og næringsvirksomhet blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

067/22: Søknad til Næringsfondet - Meland Golfklubb - Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**Behandling:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 067/22 Vedtak:

Prosjektet Opprettholde aktivitet hos Meland Golfklubb vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

068/22: Søknad til Næringsfondet - Mikro Grønt AS - Strømsikkerhet**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Strømsikkerhet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**Behandling:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 068/22 Vedtak:

Prosjektet Strømsikkerhet vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

069/22: Søknad til Næringsfondet - Molvik gard AS - Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland vert tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**Behandling:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 069/22 Vedtak:

Prosjektet Aktivitetsløype i Biosfæreområdet Nordhordland vert tildelt kr 20 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

070/22: Søknad til Næringsfondet - Mongstad TavleTeknikk - Levetidsforlengelse for elektrotavler**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Prosjektet Levetidsforlengelse for elektrotavler blir tildelt kr 200 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:**Behandling:**

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 070/22 Vedtak:

Prosjektet Levetidsforlengelse for elektrotavler blir tildelt kr 200 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

071/22: Søknad til næringsfondet - Rikstad Bigård - Virksomhetsstyr til Bigård

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Virksomhetsstyr til bigård blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 071/22 Vedtak:

Prosjektet Virksomhetsstyr til bigård blir tildelt kr 50 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

072/22: Søknad til Næringsfondet - Terje Titland Taxi AS - Eiendomsselskap

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Eiendomsselskap vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 072/22 Vedtak:

Prosjektet Eiendomsselskap vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

073/22: Søknad til Næringsfondet - Vestland Bjøllelag SA - Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Prosjektet Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite vert tildelt kr 130 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 073/22 Vedtak:

Prosjektet Søknad om støtte til forbedret system for sporing i utmarksbeite vert tildelt kr 130 000 frå næringsfondet i Alver kommune.

074/22: Søknad til Næringsfondet - ZingZang AS - SØKNAD - NÆRINGSFOND - ALVER KOMMUNE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

SØKNAD – NÆRINGSFOND – ALVER KOMMUNE vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.

Utval for næringsutvikling og drift 07.12.2022:

Behandling:

Stian Lavik-KRF og Yngve Walaker-FRP var inhabile i saka - sjå merknad i protokollen.
Olav J. Myhr-KRF erstatta Lavik i utvalet.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg.

ND- 074/22 Vedtak:

SØKNAD – NÆRINGSFOND – ALVER KOMMUNE vert ikkje tildelt midlar frå næringsfondet i Alver kommune.